

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid
Avdeling: Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 11/492-5

Endringar i yrkestransportlova og tilhøyrande forskrifter, fråsegn

∴ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til dei føreslegne endringane i yrkestransportlova pkt. 1-3, 6 og 7. Dette er ei tilpassing av norsk lovgiving til EU-retten.
2. Pkt. 4 i framlegget går direkte inn i arbeidsporteføljen til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har i dag løyvemynde både for behovsprøvde løyve (drosjer) og ikkje-behovsprøvde løyve (transportløyve, godsløyve). Samferdsledepartementet argumenterer med likehandsaming av løyvesøknader. Slike søknader vert i dag handsama av fylkeskommunane etter yrkestransportlova. Likehandsaming av søknader vert tekne i vare gjennom den fylkeskommunale handsaminga av ikkje behovsprøvde løyve. Fylkesutvalet vil ikkje akseptere at handsaminga av ikkje-behovsprøvde løyve vert flytta frå fylkeskommunen til staten.
3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til at ansvaret for å utferde løyve til internasjonal vegtransport vert flytt frå Samferdsledepartementet til Statens vegvesen.

∴ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev frå Samferdsledepartementet datert 30.11.12
- 2 Høyringsnotat

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn

Bakgrunn for at saka er reist

Samferdsledepartementet har sendt ut forslag til endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) på høyring. Frist for ev. merknader er sett til 8. februar 2013.

Framlegget til endringar i yrkestransportlova omfattar følgjande:

1. Heimel til å krevje at transportørar som søkjer om løyve for person- og godstransport på veg etter §§ 4 og 5 i yrkestransportlova skal vere etablerte i Noreg.
2. Heimel til å opprette og drifte eit elektronisk register over transportørar på veg.

3. Heimel for løyvestyresmaktene til å erklære personar som har gjort alvorlege brot på regelverket uskikka til å leie transportverksemd i alle EØS-land.
4. Overføring av ansvaret for å utferde løyve for nasjonal vegtransport som ikkje er behovsprøvd frå fylkeskommunane til Statens vegvesen (SVV).
5. Overføring av ansvaret for å utferde løyve til internasjonal vegtransport frå Samferdsle-departementet til Statens vegvesen(SVV).
6. Ei tilpassing i lova som legg til rette for at fellesskapsløyve og skal gjelde som løyve for nasjonal transport som ikkje er behovsprøvd.
7. Innføring av ei avgrensing på 10 år for kor lenge dei løyva som ikkje er behovsprøvde er gyldige.
8. Heimel til å fastsette i forskrift ei avgrensing i tid for dei løyva som er gjevne før denne lova tek til å gjelde.
9. Ei presisering i føresegna om løyve for persontransport utanom rute (§ 9) som ikkje inneber noko reell endring av rettsstoda på området.
10. Retting av skrivefeil i yrkestransportlova § 10 (1).

Yrkestransportlova sine reglar om løyve for sjøtransport vert ikkje omfatta.

Problemanalyse

Framlegga til lovendingane i punkt 1-3 vert gjort for å:

- Gjennomføre Europaparlaments- og rådsforordningar (EF) nr. 1071/2009 om innføring av felles reglar med omsyn til vilkåra som må oppfyllest for å utøve yrket som transportør på veg.
- Oppheve rådsdirektiv 96/26/EF, nr 1072/2009 om felles reglar for tilgang til den internasjonale marknaden for godstransport på veg og nr. 1073/2009 om felles reglar for tilgang til den internasjonale marknaden for transport med turvogn og buss
- Endre forordning (EF) nr, 561/2006 av 21. oktober 2009.

Samla vert desse forordningane omtalt som «vegpakken». Vegpakka er i stor grad ei vidareføring av gjeldande rett på området. Samferdsledepartementet har heimel i yrkestransportlova §§ 10 (4) og 35 til å gjennomføre det meste av innhaldet i dei nye forordningane i forskrift. I følge departementet er det likevel nødvendig å endre yrkestransportlova på enkelte punkt for å gjennomføre reglane i vegpakka. Dette gjeld innføring av heimel for det nye kravet om tilgang til yrket som slår fast at ein transportør må vere etablert i landet der vedkomande søker om løyve (1). Det gjeld også for å føre eit register over vegtransportørar som inneheld einskilde sensitive personopplysningar (2) og for at løyvestyresmaktene skal kunne erklære ein transport-leiar som uskikka til å drive transportverksemd i heile EØS (3).

Framlegget om å overføre ansvar/mynde frå fylkeskommune og departement (pkt. 4 og 5) er ikkje ein direkte følge av innføring av vegpakka. Framlegget kjem som følge av at det er gjort ei nærare vurdering av organiseringa av løyvestyresmakta i samband med arbeidet med å innføre vegpakka. Departementet har her kome til at det vil vere ei god løysing å leggje ansvaret for administrasjonen av dei løyva som ikkje er behovsprøvde til eitt nasjonalt organ. Dette forslaget er meint å skulle sikre likehandsaming av løyvesøknader.

Forslaget om å tilpasse yrkestransportlova for å legge til rette for at fellesskapsløyve og skal gjelde som løyve for nasjonal transport som ikkje er behovsprøvd (pkt. 6), vert gjort som følge av at vilkåra for nasjonale og internasjonale løyve er likelydande.

Forslaget om å avgrense eit løyve til 10 år, kjem som følge av framlegget om at fellesskapsløyve og skal gjelde som nasjonalt løyve (pkt. 7). Etter dei nye EU-reglane skal fellesskapsløyve gjelde for ein periode på maksimalt 10 år. Det er også gjort framlegg om ein heimel til å fastsette i forskrift ei avgrensing i tid for dei løyva som er gitt før denne lova kom (pkt. 8).

3. Vurdering og konsekvensar

Det meste av framlegget til endring av yrkestransportlova er knytt opp til innføring av EU-forordningar som går under nemninga vegpakka. Dette er nødvendige tilpassing av norsk lovgiving til EU-retten. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til desse punkta i framlegget til endringar i yrkestransportlova.

Framlegga av endring i lova i pkt. 4 og 5 har ingen direkte tilknytning til innføringa «vegpakka». I arbeidet med innføring av vegpakka i yrkestransportlova har Samferdsledepartementet sett det som fornuftig å legge ansvaret for administrasjon av dei løyva som ikkje er behovsprøvde til eitt nasjonalt organ. Departementet argumenter med denne endringa ut i frå at dette vil sikre likehandsaming av løyvesøknader.

Fylkesrådmannen aksepterer ikkje utan vidare denne argumentasjonen og viser då til følgjande:

- Alle løyve vert handsama og gitt etter same lov og retningslinjer anten søknaden vert handsama i Finnmark, Sogn og Fjordane eller Aust-Agder
- Departementet ønskjer å legge ansvaret for denne type løyve til Statens vegvesen utan å konkretisere kva instans i Statens vegvesen som skal ha dette ansvaret. Dersom likehandsaming er grunngevinga for forslaget, må Vegdirektoratet få dette ansvaret. Det vil i så fall bety lang avstand frå søkjar til den som fattar vedtak. Dersom regionvegkontora eller dei lokale vegkontora skal ha denne oppgåva, vil det vere like stor fare for ulik handsaming av løyvesøknader som om oppgåva blir i fylkeskommunane.
- Gjennom forvaltningsreforma, som vart innført frå 1.1.10, var eit av føremåla å styrke fylkeskommunane m.a. gjennom å gje dei fleire oppgåver. Vi ser no ein tendens til at oppgåver som fylkeskommunane har hatt i mange år, og som vert gjennomført på ein god måte, vert sentraliserte og flytta over til nasjonale etatar. Dette er ei utvikling fylkeskommunane ikkje bør akseptere.

4. Konklusjon/tilråding

Ei tilpassing av yrkestransportlova til EU-retten er, etter det fylkesrådmannen kan sjå, nødvendig for å tilpasse yrkestransportlova til «vegpakka» i EU. Dette vil sikre at ikkje-seriøse aktørar eller aktørar som er uskikka til å drive transportverksemd vert luka vekk.

Fylkesrådmannen er ikkje samd med Samferdsledepartementet i at flytting av mynde til å tildele ikkje behovsprøvde transportløyve frå fylkeskommunane til Statens vegvesen vil sikre ei likehandsaming av søknader. Slike søknader skal handsamast etter yrkestransportlova uansett instans og er i utgangspunktet sikra ei likehandsaming med den ordninga som gjeld pr. i dag.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)